

Fra: "Torben Lode"
Sendt: mandag 5. januar 2026 14.28.23
Til: "Fellespostboks - Glitre nett - Firmapost" <post.nett@glitrenett.no>
Kopi: "Ellinor Borgi" <ellinor.borgi@glitrenett.no>; "post@kristiansand.kommune.no" <post@kristiansand.kommune.no>
Emne: NVE godkjenner søknad om endring av detaljplan for ny 110 (132) kV Kulia-Leire (delstrekning Kystlinja): tillagt 0-belte mellom mast nr. 50 og 51, nord for Kroktjønna i Søgne marka
Vedlegg: Vedlegg 1 - Søknad om endring av detaljplan (202411592-86).PDF

Til: Glitre Nett AS
Kopi: Glitre Nett AS v/ Ellinor Borgi, Kristiansand kommune
Vår referanse: 202411592-87

Ny 110 (132) kV Kulia – Leire (delstrekning Kystlinja), NVE godkjenner søknad om endring av detaljplan: tillagt 0-belte mellom mast nr. 50 og 51, nord for Kroktjønna i Søgne marka.

NVE viser til Glitre Nett sin e-post av 29. desember 2025 med søknad om å legge til 0-belte mellom mast nr. 50 og 51 (vedlegg 1). De viser til godkjenningsvedtaket for detaljplanen datert 26. mars 2025, og e-post datert 24. november 2025 kor de varsla NVE om at det mangla 0-belte mellom mast nr. 50 og 51 i den godkjende detaljplanen for ny 110 (132) kV Kulia – Leire (delstrekning Kystlinja).

Det manglande 0-beltet vart oppdaga før arbeida starta i det aktuelle området, og Glitre Nett søker no om endring av detaljplanen for å rette opp og legge inn 0-beltet i detaljplanen og tilhøyrande kartgrunnlag for dei komande anleggsarbeida.

Endringa gjeld linjetraseen rett nord for Kroktjønna i Søgne marka. Her er det no lagt inn 0-belte over store deler av naturførekomsten N8, og elles at det skal utøvast selektiv hogst innanfor dette området. Bruk av 0-beltet skyldast i all hovudsak leidningens høgde over terrenget og vegetasjon.

NVE si vurdering

NVE vurderer at dei søkte endringane er å rekne for mindre vesentlege endringar av detaljplanen, som ikkje vil ha negative konsekvensar for miljø og omgjevnader, korkje i seg sjølv eller samanlikna med opphavleg godkjent løysing. NVE ser derfor ikkje behov for å innhente fråsegn i forbindelse med behandlinga av søknaden.

NVE legg til grunn for godkjenninga at all arealbruk og istandsetjing skal skje i samsvar med godkjend detaljplan, og at endringar er avklart med grunneigarar og aktuelle rettshavarar.

Kristiansand kommune vert orientert om godkjenninga av endringssøknaden med ein kopi av dette vedtaket. Me føreset at Glitre Nett orienterer andre aktuelle partar om godkjenninga av endringssøknaden.

NVE sitt vedtak

NVE godkjenner den søkte endringa av søknaden datert 29. desember 2025.

Dette vedtaket kan klagast på av partar i saka og andre med rettsleg klageinteresse. Sjå meir informasjon om dette i [NVE sitt informasjonsskriv om klage](#).

Med helsing

Torben Lode

rådgjevar

Avdeling for tilsyn og beredskap

Seksjon for miljøtilsyn energianlegg

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Telefon: 22959595

E-post: nve@nve.no

Web: www.nve.no



Fra: Ellinor Borgi <Ellinor.Borgi@glitrenett.no>

Sendt: mandag 29. desember 2025 13:08

Til: NVE Postmottak <nve@nve.no>

Kopi: Torben Lode <tolo@nve.no>; Nicolai Grødem <Nicolai.Grodem@glitrenett.no>; Ronald Bernhard Storenes <Ronald.Storenes@glitrenett.no>; Henriette Vågen Aase <Henriette.Vagen.Aase@glitrenett.no>

Emne: 110 (132) kV Kystlinje delstrekning Kulia - Leire -detaljplan - endringssøknad 0-belte mellom mast 50 og 51, saksref. 202411592

Saknr. 202411592

Att: Torben Lode

Viser til tidligere korrespondanse om behov for endringer av gjeldende detaljplan.

Vedlagt er endring for oppdatering av 0-belte mellom mast 50 og 51 nord for Kroktjønn i Søgne marka.

Ta kontakt dersom noe er uklart.

Med vennlig hilsen/Best regards,

Ellinor Borgi

Rådgiver konsesjoner

+4747260023

Glitre Nett AS



Sensitivity: General business information